

Jan Ingvar Bakke
Storheia 44
5239 RÅDAL

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/7726 - 21/70167

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
22.10.2021

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 89/4 Haugsmyr

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 06.09.2021.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Vedlagte situasjonskart er for utydeleg. Kartet må vise eksisterande grenser og ny deleline. Bruk gjerne vedlagte kart til å teikna på.
2. Søknaden manglar nabovarsling. Gjer merksam på søknad om dispensasjon også skal nabovarslas. Informasjon om nabovarsling finn du på kommunen si heimeside: [Alver kommune - Varsle naboane dine](#)
3. Dispensasjonssøknaden er for dårleg grunngjeven. Meir informasjon om dispensasjon finn du i vedlagte skriv.
4. Løyve til utvida bruk av avkøyring til kommunal veg på vera på plass før søknad om deling kan handsamast. Slikt løyve søkjer ein gjennom Vegvesen.no si løysing: [Søk om avkjørsel | Statens vegvesen](#)
5. Løyve eller førehandstilsegn om tilkopling til offentleg vatn må vera på plass før søknaden kan handsamast. Ta kontakt med kommunen si avdeling for forvaltning av vatn for slikt løyve.
6. Løyve til utslepp må søkjast på eige skjema. Meir informasjon finn du på kommunen si heimeside: [Alver kommune - Søkje om privat avløpsanlegg og utsleppsløyve](#). Ta eventuelt kontakt med Hogne Askeland på avdeling for miljø og tilsyn i Alver kommune for nærare opplysningar.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 30.11.2021. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Tommy Veland
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Informasjon til tiltakshavar og søkjar om dispensasjon(458297)
89-4

Mottakarar:

Jan Ingvar Bakke	Storheia 44	5239	RÅDAL
Lisbeth Jorun Iversen	Kråkestølen 24	5303	FOLLESE
Remi Andre Iversen	Allestadhaugen 83	5142	FYLLINGSDALEN
Tommy Bognø Brakstad	Statsråd Sælens vei 13 B	5142	FYLLINGSDALEN